

**Fra:** Helge Fimland <helge@fimland.net>  
**Sendt:** mandag 14. februar 2022 21:02  
**Til:** Einar Aase  
**Kopi:** maskauge@gmail.com  
**Emne:** SV: Mindre avklaring knytt til vedtak i byggesak 21/5445

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Flagget

Hei,  
Kan bekrefte at me *ikkje* ynskjer slik endring som det var gitt i løyvet.

Kort oppsummert:

- Det har lagt ein slipp i fjæra sidan tidleg på -60 talet.
- Utan å gjere inngrep i fjæra, kan sluppen berre ligge der den ligg no og der den alltid har lagt.
- I 2006 vart det avholdt kartforretning over ein bruksrett og bnr. 40/112 vart oppretta og lagt over den tinglyste sluppen. Dette var gjort utan at me som eigarar vart informert.
- Grunneigar fjerna ulovleg slippeskinnene i sluppen i 2009. Det vart samtidig murt ein ringmur til naustet inn i slippområdet. Når dette vart oppdaga, fekk grunneigar beskjed om å fjerna ringmuren og montere tilbake slippeskinnene. Det første vart gjort, men ikkje det siste.
- Eigar av bnr. 40/112 søker om å gjenreise naustet sitt, men søker om eit **langt større** naust. Iflg **situasjonskart** og **teksten** i nabovarselet, skulle *ikkje* naustet koma i konflikt med sluppen.
- Kommunen godkjenner tiltaket, men krev at søker heldt seg innanfor tomtegrensene sine.
- Når naustet er like stort som tomta, er konflikten eit faktum 😞

Dermed er me komt i den situasjonen at det er blitt lagt ein nausttomt over slippområdet vårt, slippeskinnene våre er ulovlig fjerna og me står igjen med "SvartePer". Føles ikkje rettferdig i det heile !!

Me skjørnar at Kommunen ikkje skal forholda seg til privatrettslege uenighetar, det må me ordne opp i sjølv. Men som bilda viser, kan sluppen kun ligge ein stad utan inngrep i fjæra og me ber igjen om at tiltaket vert godkjend med denne lokaliseringa.

Dersom Kommunen ynskjer ei synfaring, kan me stille på kort varsel.

Ber om at du formidlar dette til saksbehandlar i avdeling for miljø og tilsyn.

Helsing Helge Fimland og Magnar Skauge

---

**Fra:** Einar Aase <[einar.aase@alver.kommune.no](mailto:einar.aase@alver.kommune.no)>  
**Sendt:** måndag 14. februar 2022 14:11  
**Til:** Helge Fimland <[helge@fimland.net](mailto:helge@fimland.net)>  
**Kopi:** [maskauge@gmail.com](mailto:maskauge@gmail.com)  
**Emne:** Mindre avklaring knytt til vedtak i byggesak 21/5445

Hei,

Sender e-post for å gjere ei mindre oppklaring knytt til vedtak i byggesak 21/5445 som gjev løyve til etablering av båtslepp.

Det går fram av løyvet at vedtak omfattar terreng- og grunnarbeid i den grad det er naudsynt. Tanken bak denne formuleringa var primært knytt til mindre støying eller liknande, ved ei lita endring frå eksisterande plassering av båtslepp. I innsendt klage er det vist til at det må gjerast omfattande inngrep i terreng for å få til alternativ plassering. Løyvet er ikkje meint å omfatte slike inngrep. Slike inngrep vil truleg krevje særskilt vurdering, ettersom dette truleg vil vere søknadspliktige terrengeinngrep i strandsona. Har forstått på telefon og i klage at dykk ikkje ynskjer slik endra plassering, med bakgrunn i behovet for terrengeinngrep osv.

Sender likevel denne e-posten for å informere om at dykk ikkje kan setje i gong med terrengeinngrep som er skildra i innsendt klage, basert på utsendt løyve. Herunder store fysiske inngrep på land og i sjø, som blant anna sprenging av steinmassar, planering av steinmassar og etablering av betongdekke.

Saka er elles sendt over til avdeling for miljø og tilsyn, som vil følgje klagesaka vidare opp. Problematikk knytt til terrengeinngrep i strandsone ved endra plassering går fram av klaga som er sendt inn, og desse spørsmåla vil bli vidare avklart i klagehandsaminga.

Vennleg helsing

**Einar Aase | Rådgjevar Plan og byggesak**

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

